


Utviklingsprogrammet set fokus på kvalitetsheving av arbeidet i barnehagen.

Vi deler arbeidet vårt i ulike fokusområder, og jobbar i prosessar for å verte betre på kvart enkelt område. Tidlegare i år jobba alle barnehagane med sosial læring i utetida. Etter det jobba vi med å kvalitets sikre barn og foreldre sitt møte med barnehagen om morgongen. No jobbar vi med å kvalitetssikre måltidet. Kvar prosess er ei dreining i kvalitetshjulet som du ser her.



Vi vel eit felles fokusområde, der vi bestemmer oss for kva del av arbeidet vi vil kvalitetssikre. Neste steg er "beste praksis", her tek vi arbeidet ut i avdelinga. Vi ser på korleis situasjonen er no, og set oss mål for korleis vi vil jobbe for å bli betre. Undervegs i prosessen justerar vi arbeidsmåtar og måla, og avleverar arbeidet vårt for å nå eit ønska resultat. Kvar prosess vert avslutta med ei avlevering av resultat i samarbeid med dei andre barnehagane.

Planen er at vi skal ta eit nytt fokusområde kvart halvår.

Fokusområde tre som vi skal jobbe framover vert Måltidet. Til våren vert det nytt fokusområde.